

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Esther Elizabeth Mae Varøy	FE-000	23/436

Saksnr	Utval	Type	Dato
061/23	Formannskapet	PS	17.10.2023

Lokale lønnsforhandlingar 2023  
Saksframlegg til formannskapet

### Saksutgreiing:

#### Saksutgreiing

#### Kva saka gjeld

Kommunedirektøren ber formannskapet om økonomiske rammer for forhandlingane i kap. 3 og kap. 5 i Hovedtariffavtalen.

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Hovudtariffavtalen 01.05.2022-30.04.2024

### Saksopplysningar

I år er det mellomoppgjer i det kommunale tariffområdet. Mesteparten vert fordelt ved sentrale forhandlingar som gjeld frå 1. mai, men tidlegare vart det også annakvart år sett av ein lokal pott til forhandling i kvar kommune for dei tilsette i Hovudtariffavtalen kap.4 (som er dei fleste tilsette i Fedje kommune). Det er i år ikkje sett av lokal pott til dei som er i kap.4, men det er avtalt at det skal avsetjast midlar til lokale lønnsforhandlingar etter HTA kap. 4 pkt. 4.2.1 i 2024. Storleiken på potten og verknadstidspunkt vil verte avtala i hovedtariffoppgjeret 2024.

Dei tilsette som er i kap. 3 og 5 forhandlar berre lokalt, dei har ingen sentrale lønnstillegg. I år er me i Fedje kommune forseinka opp mot ønska frist 01.10, men me har i samarbeid med partane vorte einige om ein framdriftsplan.

### Desse stillingane vert omfatta av kapittel 3 og kapittel 5:

#### Kapittel 3:

- Kommunedirektør (forhandlar direkte med formannskapet)
- Kommunalsjef Helse og omsorg
- Kommunalsjef Samfunnsutvikling
- Kommunalsjef HR og forvaltning
- Rektor skule
- Styrar barnehage
- Styrar sjukeheim (pleie og omsorgsleiar)
- Økonomisjef
- Leiar fellestenester

#### Kapittel 5:

- Bibliotekssjef
- Kommuneoverlege
- 3 legar
- Rådgjevar arkiv
- Økonomikonsulent/rådgjevar

Dei som har starte i stillingar etter 01.05 vil i utgangspunktet ikkje vere omfatta av lokale forhandlingar dersom det ikkje føreligg særskilte forhold som tilseier det.

### **Meir detaljar rundt økonomien**

Fedje kommune sitt lønsbudsjett for 2023 ligg inne med 4,2 % i lønnsvekst. Det er ikkje nok til å dekke anslag årslønnsvekst. Dersom ein ligg til grunn kap. 4 vil tala verte slik:

5,4 % anslag årslønnsvekst

- 1,0 % overheng til 2023
- 0,2 % anslag glidning

= 4,2 % som grunnlag for utrekning av datovekst pr 01.05.2023 =  $4,2\% \times 12/8 = 6,3\%$

Dersom me ikkje gjer fråtrekk for glidning vert prosenten høgare = 6,6 %

Desse tala vil aldri stemme heilt for Fedje kommune ettersom små endringar vil gjere store utslag, og me har sannsynlegvis ein større del av tilsette med maks ansiennitet enn det nasjonale snittet.

Det vil vere nødvendig å gjere ei budsjettendring. Skal det i tillegg være rom for ekstra tiltak i særskilte forhandlingar, vil det og krevje meir midlar.

Formannskapet skal til slutt godkjenne dei økonomiske konsekvensane for oppgjeret når det er ferdig forhandla i kap.3 og kap.5.

### **Vurdering**

Kommunedirektøren ber formannskapet om ei økonomisk ramme for dei lokale forhandlingane utanom det som er budsjettert på 4,2%. Vurderingar om behov/innretning i årets lokale forhandlingar vil verte lagt fram av kommunedirektøren i møtet. Kommunedirektøren ber om at saka vert drøfta i lukka møte, for å ikkje forringe arbeidsgjevar sin forhandlingsposisjon. Det vert truleg nødvendig med endringar i budsjettet.

### **Forslag til vedtak:**

Kommunedirektør ber formannskapet om økonomiske rammer for forhandlingane etter Hovedtariffavtalen i kap.3 og kap.5.

Formannskapet - 061/23

### **F - behandling:**

Ordførar Stian Herøy (H) sette fram forslag om at møtet vart lukka under behandlinga av pott til lokale lønnsforhandlingar i kapittel 3 og 5 for 2023. Møtet vart lukka etter Kommunelova § 11-5 b.

### **F - vedtak:**

Formannskapet vedtok pott for lokale lønnsforhandlingar i kapittel 3 og 5 for 2023. Potten som formannskapet har gitt til å forhandla med er unnateke offentlegheit fram til formannskapet har godkjent lønnsforhandlingane for kapittel 3 og 5. Forhandlingane vert behandla i ekstraordinert formannskapsmøte 31.10. 2023.



edje kommune